



Statens vegvesen

Ferde AS – Firmapost
Postboks 2623 Møhlenpris
5836 BERGEN

Behandlande eining: Region vest Sakshandsamar/telefon: Kristian Bauge / 55516337 Vår referanse: 18/150423-13 Dykkar referanse: 19/257 – 1 / BJOMIDT Vår dato: 19.03.2019

Askøypakken – prisjustering av takstane

Statens vegvesen viser til brev frå Ferde AS dagsett 04.03.2019 med søknad om prisjustering av takstane i Askøypakken.

Takstane i Prop. 197 S (2012–2013) er oppgitt til kr 22,50 og 45 kr i 2012–prisar. Det er føresett at takstane blir justerte i samsvar med prisutviklinga.

Takst- og rabattsystemet i Askøypakken blei endra gjennom takstvedtak datert 28.01.2018 der takstane er oppgitt i 2017–prisinivå. Grunntaksten er 28 2017–kr.

Veksten i konsumprisindeksen (KPI) frå 2017 til og med januar 2019 har vore 3,6 pst. Det svarer til ein grunntakst i Askøypakken på kr 29,01, og veksten i KPI er med det tilstrekkeleg til å auke grunntaksten i Askøypakken med ein krone. Statens vegvesen, Region vest godkjenner på den bakgrunn Ferde sin søknad om prisjustering av takstane i Askøypakken.

Nye takstar i Askøypakken frå 01.05.2019 vil vere:

| | Takstgruppe 1 | Takstgruppe 2 |
|-------------------------|---------------|---------------|
| Ordinær bompengeretakst | Kr 29 | Kr 48 |

Takstgruppe 1: Køyretøy med tillaten totalvekt til og med 3500 kg og personbilar i køyretøykategori M1 med gyldig brikke og avtale.

Takstgruppe 2: Køyretøy med tillaten totalvekt frå 3500 kg med unntak av personbilar i køyretøykategori M1 med gyldig brikke og avtale.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

I tråd med lokalpolitiske vedtak skal nullutsleppskøyretøy i Askøypakken betale 50 pst. av ordinær takst. I Prop. 87 S (2017–2018) er det samtidig spesifisert at taksten for nullutsleppskøyretøy maksimalt kan fastsettest til 50 pst. av ordinær takst etter brikkerabatt. Ordinær takst for takstgruppe 1 i Askøypakken etter brikkerabatt svarer til $29 \text{ kr} \times (1 - 20\%) = 23,2 \text{ kr}$. Følgjeleg vil taksten for nullutsleppskøyretøy vere $23,2 \text{ kr} \times (1 - 50\%) = 11,6 \text{ kr}$.

Gjeldande rabattar og fritaksordningar omtalt i takstvedtak av 28.01.2018 med dok.nr: 16/28476–201 og tillegg til takstvedtak av 13.11.2018 med dok.nr: 18/150423–10 vert vidareført.

Takstendringane skal kunngjerast 4–6 veker før takstane vert endra. Kunngjering skal innehalde informasjon om klagefrist og klageadgang.

Med helsing

Tone Margrethe Oppedal
Avdelingsdirektør

Bauge Kristian

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.